

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 06.11.2023

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid:	Måndag 06.11.2023
Møtestad:	Digitalt Teams
Til stades:	Sven Flo, Espen Sortevik, Jan Henrik Nygård og Gunnvor Sunde
Forfall:	Siri Sandvik
Varamedlem:	Jan Vidar Smenes
Administrasjon:	Inge Bent Arnestad Frode Denk

Innleiingsvis vert det orientering om:

- Status biogassanlegg v/ Arild Bruland – prosjektleiar i SFE Produksjon AS
- Status knoppskytingsprosjekt v/ Kjartan Aa Berge – prosjektleiar GN

SAK 40/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 41/23 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 18.09.23 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 06.11.2023

SAK 42/23 MØTEPLAN 2024

Møteplan for
Styret og Representantskapet

- Måndag 5. februar Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 18. mars Styremøte - digitalt
- Fredag 26. april Representantskapsmøte
- Måndag 17. juni Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 23. september Styremøte
- Måndag 18. november Styremøte
- Fredag 13. desember Representantskapsmøte

Styret sitt

VEDTAK

Styret vedtek justert møteplanen for 2023 slik den ligg føre ovanfor.

SAK 43/23 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvæer og personale

Samla sjukefråværet pr 30.09 2023 er 3,95 %, men slik fordeling:

- 19,1 % korttidsfråvæer 1-3 dagar
- 17,2 % legemeldt fråvæer 4-16 dagar
- 63,7 % legemeldt langtidsfråvæer over 16 dagar

Samla fråvæer og type fråvæer har auka med 0,56% sidan 31.07.2023.

Fråvæer inntil 16 dagar har gått ned, mens langtidsfråvæer har auka med 16,5%.

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefråvæer i perioden.

Status drift

Den 1. oktober flytta Retura NoMil AS ut av anlegget, og mengda restavfallsmengda og trevirke frå næring er redusert.

Fråvæer har ført til utfordringar administrativt og på avdelingane.

Ny lokasjon renovasjonsavdeling Nordfjordeid

NoMil har inngått ny leigeavtale med O. Nord AS på Nordfjordeid. Leigeavtala omfattar 244 m² lager/verkstadhall, 35 m² kontor og 515 m² parkeringsareal som er vesentleg større en gjeldande avtale. Årleg leige er 255.000,- som er ei auka på 51.000,- frå gjeldande avtale. Lokala vert no pussa opp, forventa overtaking 1/12 2023.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 06.11.2023

Samarbeid om utgreiing av anlegg for behandling av våtorganisk avfall

Viser til orienteringssak 39/23:

NoMil har saman med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Molde inngått avtale med konsulentverksemda Norwaste AS om utgreiing av forbehandlingsanlegg av matavfallet til bruk i biogass-produksjon.

Kostnadsråme er kr. 250.000,- som vert delt likt mellom dei 5 verksemdene.

Status biogassprosjekt

Viser til innleiande orientering frå SFE og Gloppen Næringsorganisasjon

Status ny gjenbruksstasjon Bremanger

Det er gjennomført møte med administrasjonen i kommunen om vidare arbeid med ein ny stasjon for heile kommunen. NoMil har oversendt mogelegheitsskisser på utforming og arealbehov for det vidare arbeidet.

- Bremanger kommune har fått varsel den 31.08.2023 om at gjenbruksstasjonen i Svelgen vert stengd 31.12.2023.
- Hovudverneombod har sendt varsling om farlege arbeidsforhold på stasjonen.

Formannskapet i Bremanger kommune har den 26.10.2023 i sak 088/23 gjort samrøystes vedtak om sett i gong planarbeid for detaljregulering av gjenbruksstasjon på Nygård i Skatestraumen.

Styret i NoMil er tilfreds med vedtak i Bremanger kommune, og støttar samtidig krav frå hovudverneombod om stenging av stasjonen i Stølsborden i Svelge ut frå rapporterte avvik frå vernerunde.

Utgreiing ny struktur gjenbruksstasjon for ytre Nordfjord

Viser til orienteringssak 39/23:

NoMil har i etterkant av førre styremøte bedt om møte med Stad kommune som etter planen skal gjennomførast tysdag 7. november 2023.

Eigarskap Retura NoMil AS

NoMil sitt eigarskap i Retura NoMil AS er no avslutta.

Retura NoMil AS flytta all drift ut av Eidsmona 36 30. september 2023.

Alle avtaler er terminert, levering av avfall er avslutta.

Pr. dato skuldar Retura NoMil AS oss i overkant av 600.000,-.

Anbod restavfall og rammeavtale avfallsbeholdarar

NoMil har no lyst ut anbod med tilbudsfrist 20. november 2023 på behandling og transport av restavfall for 2024-2025 med opsjon på inntil 2 år.

NoMil samarbeider no saman med Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS om eit felles anbod/rammeavtale på innkjøp av avfallsbeholdarar gjeldande i 4 fire år.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 06.11.2023

Statsbudsjett 2024- konsekvensar

I Statsbudsjettet for 2023 vart det vedteke ei forbrenningsavgift på kr. 262,- pr. tonn restavfall. Måten avgifta vart lagt opp på i Norge, gjorde at den må godkjennast av EØS. I påvente av godkjenning har avgifta vore belasta med kr. 131,- pr tonn.

I framlegg til Statsbudsjett for 2024 er det forslag om at avgifta skal aukast til kr. 484,- pr. tonn som utgjør ei auke på 85% frå tidlegare vedteke avgift. I forhold til gjeldande avgift kr. 131,- utgjør dette ei auke på kr. 353,- (269,5%) pr tonn. Tidspunkt for innføring av avgifta er ikkje avklart, men for NoMil vil denne auka på årsbasis utgjere ei kostnadsauke / budsjettunderskot på 3,0-3,5 mill.

Dette vil kunne få direkte innverknad på drifta av verksemda, investeringar og vidareføring/oppstart av prosjekt som til dømes:

- innføring av mat/plast ordning for hytte- og fritidseigedomar
- etablere nedgravne løysingar
- tiltak for auka materialgjenvinning
- nye digitale løysingar og oppgradering av gjenbruksstasjonane

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--